

Stiftelsestilsynet - hjelpeskjema

OBS: skjema består av to sider

Skal fyllast ut av stiftelsen, og leggjast ved søknad om nyregistrering.

Namn på stiftelsen	
e-post adresse	Telefonnummer

Stiftelsestilsynet må ha all dokumentasjon som går fram av dette skjemaet for å behandle søknaden. Manglande innsendt dokumentasjon kan føre til avslag på søknad om registrering. Kontrollér difor at følgjande vurderingar er gjort, og dei nødvendige dokument lagt ved *Samordna registermelding* i Altinn:

1: Kopi av stiftelsesdokument med følgjande innhald er lagt ved, jf. stiftelsesloven § 9:	Kryss av
Stiftelsen sitt formål.	
Kva egedelar som skal brukast som grunnkapital, jf. stiftelseslova § 15. (Opplys om kven som har gitt grunnkapitalen til stiftelsen)	
Samansetning av styret. Unnatak: Dersom samansetninga av stiftelsen sitt første styre er regulert av ein vedtektsbestemmelse, skal dette spesifiserast slik det står i stiftelseslova § 10 første ledd bokstav c.	
Eventuelle særrettar som er gitt til opprettaren eller andre i samband med oppretting av stiftelsen.	
Stiftelsen sine vedtekter, jf. stiftelseslova § 10.	
Stiftelsesdokumentet skal daterast og underskrivast av opprettaren.	
Dersom stiftelsen er oppretta ved testament, skal testamentet også leggjast ved søknaden.	
Merk at styret har plikt til å rette opp eventuelle manglar i stiftelsesdokumentet før innsending.	

2: Eit separat sett av stiftelsen sine vedtekter, som minst skal innehalde følgjande, er lagt ved jf. stiftelseslova § 10:	Kryss av
Stiftelsen sitt namn, (næringsdrivande stiftelsar må også gi opp foretaksnamn.)	
Stiftelsen sitt formål.	
Faktisk antal, eller lågast og høgaste antal styremedlemmar, og korleis styret skal velgjast.	
Dersom stiftelsen skal ha andre organ enn styret, må det oppgjevast kva organ dette er, korleis organets medlemmer skal velgjast, og kva mynd og oppgåver organet skal ha, jf. stiftelseslova § 36.	
Størrelsen på grunnkapitalen i norske kroner, jf. stiftelseslova § 14 første ledd og § 22.	

Stiftelsestilsynet - hjelpeskjema

OBS: skjema består av to sider

3: Andre nødvendige vedlegg er lagt ved, jf. stiftelseslova § 12:	Kryss av
Erklæring frå revisor om at han eller ho tek imot valet (elektronisk signering eller signatur i felt 22 i <i>Samordna registermelding</i> , ev. gjennom egenerklæring).	
Erklæring frå styremedlem om at han eller ho tek i mot valet (elektronisk signering eller signatur i felt 27 i <i>Samordna registermelding</i> , ev. gjennom eigen erklæring).	
Erklæring frå revisor om at grunnkapitalen sjølvstendig er stilt til rådvelde for stiftelsen, jf. stiftelseslova § 11 andre ledd.	
Opningsbalanse for stiftelsen, som skal settast opp i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar. Opningsbalansen skal vere datert tidlegast fire veker før meldinga til Brønnøysundregistrene.	
Erklæring frå revisor om at opningsbalansen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar. Revisor si erklæring skal vere datert tidlegast fire veker før meldinga til Brønnøysundregistrene.	
Dersom grunnkapitalen består av andre egedelar enn pengar: erklæring frå revisor om at egedelane har ein verdi som minst svarar til grunnkapitalen i samsvar med vedtektene, jf. stiftelseslova § 12 andre ledd.	